

Familie på 6 ønskjer å flytta til Uskedalen.

29.05.2015



Ola, Anna, Ebba, Iver og foreldra set stor pris på naturen.

Uskedalen har siste tida hatt ei gledeleg utvikling når det gjeld nybygg og folketalsutvikling. I dag kan vi presentera ei skikkeleg gladsak i den samanhengen! Ein familie på 6 ønskjer å flytta frå Oslo til Uskedalen. Dei har allereie peilt seg inn på hus dei vil kjøpa, men dei treng ein stad å leiga fram til jul.

Familien det dreiar seg om er Christoffer Fossli, Monica Hermann og dei 4 barna deira som er Ebba(6 år), tvillingane Ola og Iver(4 år) og Anna(2 år). Dei har altså bestemt seg for å byta ut livet i hovudstaden med oppvekst for borna i bygde-Norge.

Ikkje uventa nemner Christoffer naturen som ein hovudgrunn for flyttinga.

- Vi har faktisk tenkt på å flytta til Uskedalen i 3 år no. Vi syns det er veldig fint i området med fjorden og idyllen den har med seg om sommaren, og i tillegg er det kort veg for å nyta vinteren sine goder,

Han fortel vidare at han er klatrar og har utdanning som tindevegleiar, og då skjønar vi at Ulvanåso verkeleg freistar. Til no har han ikkje klatra der sjølv, men har vore tilskodar og barnepassar når andre har gjort det.

- I tillegg likar både vi og borna oss godt på turar i skogen og på fjellet, seier han, og det er tydeleg at han har gjort seg godt kjend i området etter fleire besøk i Uskedalen der dei m.a. har budd på Rabben camping.

I løpet av telefonsamtalen kjem også Christoffer inn på det positive inntrykket dei har fått av bygdemiljøet utfrå erfaringar dei har gjort seg frå møte med uskedelingane og andre kvinnheringar. Vi kan også nemne at Monica er oppvaksen på Karmøy og har aner til Fjelberg. Familien har hatt mange besøk på hytta på Fjelberg.

Christoffer arbeider i Nordsjøen som industriklatrar, og dermed er det enkelt med flytting for han i høve til jobb. Større omstilling vert det nok for Monica. Ho er nemleg professor med doktograd i farmasi og har arbeidsplassen sin ved Universitetet i Oslo. Ho har søkt permisjon frå deler av stillinga si for å få meir tid med barna på ein ny plass. Resten vil bety pendling til Oslo i friperiodane til Christoffer.

Familien håpar det skal ordna seg at dei får leigt husvære slik at dei kan flytta til Uskedalen i god tid før Ebba skal byrja på skulen. Då er planen å kjøpa eit hus som treng eindel renovering. Dei reknar med å bu i det leigde husværet fram til jul.

Vi håpar dette ordnar seg til beste både for familien, og for Uskedalen. Dei som har hus til leige, kan kontakta Christoffer på mobil 995 00 117 eller epost chris.fossli@gmail.com.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Privat